

Nyheitsbrev mars 2021

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit sender kvar månad ut eit nyheitsbrev til alle lag og organisasjonar som har registrert kontaktperson i Bømlo. Ynskjer ditt lag og organisasjon å motta nyheitsbrev, kan de sende kontaktinformasjon til lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no.

Her er nyheitsbrev for mars 2021:

- Minner om **digitalt dialogmøte med lag og organisasjonar 25. mars kl. 18-20**. De kan gjerne melde dykk på via [denne påmeldingslenka](#), men her er også [direkte lenke til Teamsmøtet](#) – Logg dykk gjerne på 15 minutt før møtestart for å sjekke at alt fungerer. Skulle de få problem, kan de ringja 95934462 (fram til kl 18).
Tema for dialogmøtet blir innføring av fritidskortet og vurdering av ordning med aktivitets- og driftsmidlar i Bømlo kommune. Sentrale spørsmål vi gjerne vil diskutere er:
 - o Korleis ordninga med aktivitets- og driftsmidlar kan lagast slik at lag og organisasjonar får god nytte av midlane og opplever at det er enkelt å søkja
 - o Korleis ynskjer lag og organisasjonar å arbeide når me skal samle informasjon om aktivitetar i samband med innføring av fritidskortet?
 - Alle barn og unge frå 6-18 frå 1.8 vil få dekka 1000,- kroner i halvåret for deltakaravgift, kontingent og liknande
 - Fritidskortet dekkjer berre faste organiserte fritidsaktivitetar – I møtet vil me invitera til diskusjon om korleis me fangar opp og tilpassar aktivitetane så fritidskortet bidreg til at barn og unge i Bømlo får eit rikt og godt aktivitetstilbod
- Det nærmar seg søknadsfrist for **aktivitetsmidlar**. De kan då både søkja om midlar til aktivitetar og arrangement i 2021 og midlar for tapte inntekter for arrangement som skulle ha vore våren 2021. Søknadsfrist er 01.04. [Meir informasjon finn de på kommunen sine nettsider](#).
- Alle lag og organisasjonar kan lage brukarar i **tilskuddsportalen** via denne [nettsida](#). Me har fått tilbakemelding om at nokon har opplevd utfordringar med å registrera seg – då kan de senda e-post til support@tilskuddsportalen.no eller ringe 62521300. 27. april kl 18-20 blir det **digitalt søkjarkurs** for alle lag og organisasjonar i Bømlo. Lenke til møtet kjem i nyheitsbrevet for april.
- Aktuelle søknadsfristar eksterne finansieringsordningar (utplukk frå Tilskuddsportalen/lokale ordningar):
 - o [Olav Thon-Stiftelsen](#): Allmenntytige formål (Søknadsfrist 31.03.2021)
 - o [Sparebanken Vest](#): Prosjektmidlar (Søknadsfrist 01.04.2021)
 - o [Storebrand](#): Vi heier på – spesielt berekraftige tiltak (Søknadsfrist 01.04.2021)
 - o [Equinors støtteordning](#) (Søknadsfrist 30.04.2021)
- **Aktuelle høyringar**:
 - o Bømlo kommune skal no starta opp arbeidet med å rullera kommuneplanen sin arealdel. Alle interesserte blir inviterte til å levera merknader og konkrete innspel. Frist er 30.05.21. [Sjå meir informasjon på kommunen sine nettsider](#)
 - o Offentleg gjennomsyn fritidsbustadområde Vestre Vågen gnr. 8, bnr. 41 mfl. Håvik ytre (frist for merknadar er 27.3)
 - o Offentleg høyring fritidsbustader Kjerkeleivik 137/19 mfl. Nese nordre (frist for merknadar er 27.3)
 - o Det er gitt oppstartsmelding for postsmoltanlegg på Goddo
- På kommunen sine nettsider ligg det [nyttig informasjon om koronaviruset](#).